



# Møtereferat

Phone 46 80 55 55  
E-post post@hrprosjekt.no  
Web www.hrprosjekt.no  
Org nr 988 889 245  
Adresse Dronning Eufemias gate 16  
Postnr 0191 Oslo

Prosjektnavn:

Prosjektnummer: Sett inn nummer

## Informasjon

Møte type:	Oppstartsmøte	Møte nr:	Nr 1
Møte dato / tid:	08.08.22	Sted:	Sogndal
Referent:	Espen Vindheim	Mob.tlf:	922 82 966
Neste møte dato / tid:	Avklarast nærare	Sted:	

## Deltakare

Firma:	Att:	Rolle:
HRP	Kjell Ove Kalhagen	Prosjektleder
HRP	Espen Vindheim	Skoleplanlegger
Sogndal kommune	Tor-Einar Holvik Skinlo	Kommunedirektør og prosjekteigar
Sogndal kommune	Arne Abrahamsen	Kommunalsjef for plan og teknisk
Sogndal kommune	Kenth Rune Teigen Måren	Kommunalsjef for oppvekst og prosjektleiar for hovudprosjektet
Sogndal kommune	Bjarte Ramstad	Rektor på Trudvang skule og leiar for brukargruppa
Sogndal kommune	Joakim Systaddal	Kommunalsjef for samfunn, næring og kultur
Sogndal kommune	Eilif Rosnes	Rådgjevar for idrett
Sogndal kommune	Markus Mohn Werner	Fagleiar arealplan
Sogndal kommune	Sigrd Ølmheim	Samfunnsplanleggar og prosjektleiar for moglegheitsstudiet.
Sogndal kommune	Bjarnhild Samland	Ass. Kommunalsjef for skule

## Agenda

1. Presentasjon av prosjektet frå Sogndal kommune
2. HRP presenterte korleis skuleteamet er satt saman på tvers av ulike avdelingar og korleis dei tenkjar å nytte dette inn i prosjektet.
3. Synfaring av alle alternativ.
4. Videre framdrift

### 1) Presentasjon av prosjektet frå Sogndal kommune

Kommunen representert av fleire einingar presenterte ulike faktorar som er av interesse for prosjektet.

Hovudfokuset i mogleighetsstudiet skal vere å vise:

- Ny barneskule på Kvåle med tilhøyrande anlegg og funksjonar
- Ny barneskule i Fosshagen med tilhøyrande anlegg og funksjonar
- Ny barneskule på Trudvang med tilhøyrande anlegg og funksjonar, inkl. anlegg for kroppsøving.

I tillegg skal mogleighetsstudiet vise løysing for alternativ bruk av Trudvang ved bygging av ny barneskule på Kvåle eller Fosshagen. Vidare løysing for ny fleirbruks- og basishall med knytt til alternativa Kvåle og Fosshagen.

Mogleighetsstudien skal vera levert innan November 2022.

Moment som kom fram i kommunens presentasjon, i kronologisk rekkefølge:

- Drift, pedagogikk og samfunnsutvikling skal vere prioritert i vurderinga av dei ulike alternativa.
- Trudvang og Kvåle har tidlegare vore vurdert som alternativ for ny skule. Fosshagen er vurdert som eit tredje alternativ i forarbeidet til mogleighetsstudien. Det er vedteke å bygge ny fleirbruks og basishall. Hallen skal sjåast i samanheng med Kvåle og Fosshagen, men plassering av skulen skal prioriterast.
- HRP skal sjå etter mogleigheter og utfordringar med alle lokasjonar, utan å konkludere kva dei meiner er det beste valet for kommunen.
- Sogndal kommune er i sterk vekst. Det understrekast at det er viktig å sjå ein ny skule i eit langtidsperspektiv, om veksten held fram må ein ny skule vere planlagd for fleire byggetrinn.

- Det skal vektleggast fleksible løysingar som opnar for moderne skuledrift. Kommentar frå HRP; Dette vil sjølvsagt bli
- Kommunen ynskjer eit særleg fokus på ein skule som opnar for sambruk med lokalmiljøet og idretten. Sambruk mot eksisterande tilbod, eksempelvis bibliotek og undervisningsfasilitetar på andre skuler skal og vurderast.
- Det skal greiast ut om klima og miljø for dei ulike alternativa. Kommunen har ikkje nokon føringar på korleis HRP skal vekte ulike klimaparametre.

Kommunens inngang til dei ulike alternativa:

### **Kvåle:**

+ Stort nok areal, upløydd mark, nær campus.

- Avstand til sentrum

- Solforhold

- Vind og støy frå elv

- Krav til utbetring av vegar i området rundt.

- Det går eit elvedrag gjennom/ved tomt som er prioritert ivaretatt.

Gjer ei vurdering av området som heilskap, då og idrettsbana, Kvåle skule med til/på-bygg.

### **Fosshagen**

+ Nærare sentrum, men i utgangspunktet satt av til andre føremål enn sku82 9le.

- Solforhold

- Trafikkavvikling kan bli krevjande mtp mjuke trafikantar frå buss.

- Vind og støy får elv, men i mindre grad enn på Kvåle.

+ / - Nær skyss-stasjon men det er trafikkert veg fra buss til skule.

+ Gangtid til campus, vurder om det er mogleg å bruke areal der til idrettsføremål.

Kan bygningskroppen formast slik at den skjermar for elv?

Heile området er fristilt, men hugs på at det er tenkt nokon tankar frå før her.

Det er ikkje gitt at ein må samla skulen i eit stort bygg.

Høgde på bygg her må vurderast, i utgangspunktet ligg det ikkje føringar.

Trafikkavvikling, korleis legge til rette for Kiss n Ride og mjuke trafikantar.

Dalavegen 2 skal takast med i vurderinga.

Fosshagen utdanningsbarnehage ligg like ved tomten. Det skal vurderast korleis eit samarbeid her kan løysast på ein god måte.

### **Trudvang:**

+ Gode solforhold

+ I sentrum

+ Mogleg å lage trygg gangveg frå skysstasjon

- Utrykningskjøretøy like ved skulen, generelt utfordrande trafikksituasjon

- Ikkje avlastningsskule tilgjengeleg i ein eventuell byggeperiode

Stitoppen som egna del av område for skule skal vurderast. Det må og vurderast kva for konsekvensar dette vil ha for framtidig utbygging av SOHS. (NorConsult har vurdert tomten som krevjande)

140 skysselever ved skulen.

Behov for minst to samtidige flater til kroppsøving.

Mange mjuke trafikantar, og ein god del nærkøyning.

Erfaring tilseier at fysisk sikring må til for å dempe køyning kring skulebygg.

Hugs tenke på at i ein anleggsperiode er det krevjande med trafikk inn og ut.

Alternativ bruk av Trudvang skule dersom skuledrift avviklast skal vurderast.

Det er gjort grundig arbeid med analyse av ønsker og behov kring fleirbrukshall, dette sendast til HRP.

Campus, ungdomsskule og VGS har areal som opnar for sambruk. Eks, naturfag, kjøkken

Spelemlidar skal vurderast på alle tomter.

Kommunen har ikkje areal som kan nyttast som erstatningslokale i ein eventuell anleggsperiode.

Kommunen greidde ut om eit nytt doktorgradprosjekt som startar opp i haust. I doktorgraden skal det sjåast nærare på korleis barns medverknad i blant anna denne type prosjekt verker inn på det endelege resultatet. Denne type tilnærming til brukardeltaking er heilt i tråd med HRP sine tankar omkring emnet.

2. HRP presenterte korleis skuleteamet er satt saman på tvers av ulike avdelingar og korleis dei tenkjar å nytte dette inn i prosjektet.

I dette prosjektet vil vi nytta ei fleirfagleg tilnærming med samfunnsutredar, skuleplanleggjar, arkitekt, trafikk, idrett og bygningsøkonomi. Vår viktigaste oppgåve i denne fasen av prosjektet er å lage eit best mogleg underlag for avgjerd om val av alternativ. HRP ynskjer eit tett og godt samarbeid med kommunen undervegs i prosessen.

3. Det vart gjennomført synfaring av alle aktuelle tomter saman med representantar frå kommunen.

4. Videre framdrift:

Etter avtale med kommunen kjem HRP tilbake med ein konkret framdriftsplan for arbeidet og utarbeidar utkast til innhaldsliste for moglegheitsstudien med metodikk.

Plan for brukarmedverknad vil bli utarbeida i samanheng med framdriftsplan.

Dato: 09.08.2022

HRP AS